

MØTEBOK Fjellstyremøte 01- 25

Tidspunkt: 11.03.2025

Stad: Austbø hotell

Desse møtte:

Tor Aage Dale, Ane Killingtveit, Halvor Fehn, Madeleine Hestdalen, Marius Aksvik. Andre til stades på møtet: Rune Aarhus (sekretær)

Meldt forfall: *Ane Killingtveit måtte reise før budsjetthandsaming og var ikkje med på sak 05/25 (me var likevel 4 av 5 medlemmar på saken og vedtaksføre).*

Saker til møtet:

Sak 01/25: Godkjenning av innkalling og saksliste

Sak 02/25: Rekneskap og årsmelding 2024

Sak 03/25: Småviltjakt 2025

Sak 04/25: Reinsdyrjakt 2025

Sak 05/25: Budsjett 2025

Sak 06/25: Informasjon frå sekretær

Me stadfester med våre underskrifter at møteboka er i samsvar med det som kom fram på møtet

Halvor Fehn/s/

Tor Aage Dale /s/

Ane Killingtveit/s/

Madeleine Hestdalen /s/

Marius Aksvik/s/

Sak 01/25: Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent utan merknader.

Sak 02/25: Rekneskap og årsmelding 2024

Framlegg til vedtak:

Rekneskap og årsmelding for 2024 vert vedteke slik den ligg føre.

Referat:

Det vart drøfta auka utgifter på møter og kurs i 2024, dette var grunna ny periode og nye medlemmar i fjellstyret. Dette førte til ein del meir reising og deltaking på kurs og møte.

Vedtak:

Rekneskap og årsmelding for 2024 vert vedteke slik den ligg føre.

Sak 03/24: Småviltjakt 2025

Forslag til vedtak:

Rauland Fjellstyre opnar for rjupejakt i 2025 med desse avgrensingane:

- Jakttid 1. oktober til 28 februar 2026 (dersom reinsdyrjakta blir avslutta 21. sept gjes det fullmakt til å legge ut opptil 15 vekekort fom 23. – 30. sept.
- Maks tre rjupe per dag/jeger
- Det seljast 15 vekekort fyrste veke (fom 1. okt)
- Det seljast 15 vekekort andre veke (fom 8.okt)
- Det opnast for sal av 15 dagskort pr dag etter dei to fyrste vekene
- Det leggst ut 4 årskort for sal frå 1 oktober (fom 23. dersom reinsdyrjakt er avslutta 21.sept)

- Det skal ikkje nyttast hund under jakt på Rauland SA
- Endring i smårovviltkort; har ikkje lenger dette som eige kort, men inkluderar dei jaktbare artane inn i småviltkortet.

Småviltkorta leggst ut for sal 1. mai på inatur sin plattform.

Referat:

Det vart drøfta moglegheiten for å både inkludere jaktbare artar frå smårovviltkortet inn i småviltkort, men samstundes behalde smårovviltkortet til symbolsk sum som no på sesong. Dette kan føre til at enkelte som berre er inn på fiske eller dugnad kan ha moglegheit til å til dømes ta ut ein raudrev utan å kjøpe småviltkort.

Vedtak:

Rauland Fjellstyre opnar for rjupejakt i 2025 med desse avgrensingane:

- **Jakttid 1. oktober til 28 februar 2026 (dersom reinsdyrjakta blir avslutta 21. sept gjes det fullmakt til å legge ut opptil 15 vekekort fom 23. – 30. sept.**
- **Maks tre rjuper per dag/jeger**
- **Det seljast 15 vekekort fyrste veke (fom 1. okt)**
- **Det seljast 15 vekekort andre veke (fom 8.okt)**
- **Det opnast for sal av 15 dagskort pr dag etter dei to fyrste vekene**
- **Det leggst ut 4 årskort for sal frå 1 oktober (fom 23. dersom reinsdyrjakt er avslutta 21.sept)**
- **Det skal ikkje nyttast hund under jakt på Rauland SA**
- **Inkluderar dei jaktbare artane på smårovvilt inn i småviltkortet i tillegg til det kortet som eksisterar per i dag.**

Småviltkorta leggst ut for sal 1. mai på inatur sin plattform.

Sak 04/25: Reinsdyrjakt 2025 – høyring og fredningssoner

Framlegg til vedtak:

Rauland Fjellstyre vedtek 2 fredningssoner som eit forsøk for reinsdyrjakta 2025.

Rauland Fjellstyre innfører nattefredning på terrenget fom reinsdyrjakta 2025.

Referat:

Det vart drøfta to fredningssoner. Fredningssona sør for Saltpytt og mot Urdbo var einstemmig positiv. Dette også grunna episodar der enkelte jegerar har misforstått grensa og tenkt nasjonalparkgrensa og allmenningsgrensa er felles. Her vil det vere mogleg i ei godt trekkområde for ein passasje samstundes som ein slepp evt konflikta rundt grensejakt.

Grensa på mellom Hokkebrot og Kostveitvatnet vart og drøfta, men det vart etter drøfting lagt til sides. Fjellstyret meiner det kan vere nok å teste ut ei fredningssone innanfor det relativt avgrensa terrenget.


Det var stor enighet om å innføre nattefredning.

Vedtak:

Rauland Fjellstyre innfører fredningssone sør for Saltpytt mot naboterreng etter vedlagte kart for reinsdyrjakta.

Rauland Fjellstyre innfører nattefredning mellom kl 19:00 til kl 07:00 for reinsdyrjakta.

Begge vedtak trer i kraft fom jakta 2025.



Fredningssone Rauland Statsallmenning reinsdyrjakt.

Sak 05/25: Budsjett 2025

Framlegg til vedtak:

Budsjett vert satt opp i fellesskap under fjellstyremøtet.

Rauland Fjellstyre aukar prisen på småviljakt og fiske etter prisrammene i forskrift for I forskrift 11. mars 2021 nr. 681 om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning som vart auka til 2025.

Referat:

Det vart drøfta auke i prisen for hytteleige. Innspel mot ein auke gjekk på at det er lagt ned store dugnadsarbeid på allmenningen gjennom mange 10-år og generasjonar. Folk har tatt fri eller nytta ferieveke for å bygge hytter eller gjere utbetringar. Difor har det vore eit mål å halde hytteprisen låg. På andre sida gjekk Rauland Fjellstyre i minus for 2024 og det ser ut som reinsdyrjakta kan gje endå mindre inntekter for 2025, noko som me noverande prisar ville gje endå eit år med resultat på minus (anslagsvis rundt 20.000,-). Det vart difor konkludert i fjellstyret at ei auke på overnattingsprisen med 50% må utførast av omsyn til vidare forsvarleg drift av Rauland Statsallmenning. Det vart og lagt til i drøfting at det fortsatt er relativt rimeleg og at tilbakemeldingar frå enkelte jegerar er at me har god standard på hyttene og veldig billig overnatting.

Vedtak:

Budsjettet er vedteke slik det er lagt ved. Det innbefattar ein auke i prisar for småviljakt og fiske samt hytteovernatting. Driftsresultat i budsjett for 2025 er kr 9.700,-.

Auke i prisar (alle prisar er oppgjeve for utanbygds ½ pris for innanbygds på småvilt og hytteovernatting):

Fiske:

Døgnekort 110,- til 130,-

Vekekort 330,- til 460,-

Sesong 790,- til 990,-

Småvilt:

Dagskort 280,- til 330,-

Vekekort 1580,- til 1860,-

Sesongkort 2590,- til 3040,-

Hytteovernatting:

1 natt 200,- til 300,-

Årsbudsjett Rauland Fjellstyre 2025 vedt 11.02.2025

	Budsjett 25	Resultat 24	Budsjett 24
Driftsinntekter			
Fellingsløyve rein	85000	88300	94000
Sal av fiskekort	15000	12870	15000
Småviltjakt	85000	62690	60000
Hytteleige	97500	64530	60000
Gåver/tilskot			
Andre inntekter	5000	23900	
Sum driftsinntekter	287500	252290	229000
Driftskostnader			
Godtgjering styret	8400	25200	15000
arbeidsgjevaravgift styret			
renovasjon			
ved/propan/bensin	18000	18748	24000
reinhald		681	
leige av parkering			
kontorutstyr	1000		1000
utstyr (dir utg ført)	5000	5707	8000
kostnadsført datautstyr (leie datasyst)	15000	14107	1500
arbeidsklede, oppgåvepl		5400	
vedlikehald hytte	15000	24150	15000
vedlikehald utstyr			
fellingsavgift (inkl innkjøp kort)	2000		2200
rekneskap og revisjon	17000	26433	17000
tenestekjøp u/refusjon, Fhas	5000	6152	5500
tenestekjøp m/refusjon, Fhas	85000	127339	85000
Samarbeid fjellstyra (inkl villutvalet)	22000	13130	12000
kontorrekvisita			1000
kopiering			
avsiser, tidsskrift, bøkar og lignende	5000	4000	5000
møte, kurs og lignende	15000	3605	8000
kontorleige sekretær	5000		5000
mobiltelefon			
porto			500
Bilgodtgjering, oppgåvepliktig, styret	10000	10465	10000
Reiser/hotelt, ikkje oppg.pl. Styret	8000	187	15000
Provisjon gebyr Vipps	1700	1607	1500
provisjonskost Inatur	16000	14070	16000
marknadsføring, INATUR			
reklameannonser	2500	1030	2500
kontingent, NFS			16500
gåver, ikkje frådragsber.			
bank og kortgebyr	200	120	100
div kostnader	2000	1639	2000
utgifter møter og kurs	5000	20686	
Avskrivingar bygg	14000	14128	14000
sum driftskostnader	277800	338582	283300
driftsresultat	9700	-86292	-54300
renteinntekter	800	1712	600
rentekostnader			
årsresultat	10500	-84580	-53700